

Sykkylven kommune
Odd Jostein Drotninghaug

Dykkar ref.

Vår ref.
23/640-6/KES

Dato
11.11.2025

Sykkylven kommune – namn på eit par vegar i området kring Dravlausstølen – tilråding

Me syner til eit brev som Odd Jostein Drotninghaug i Sykkylven kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 17. oktober i år.

Det er i denne saka tale om ein veg som startar i eit kryss i hovudvegen i dalen og som går langsmed strendene på søraustsida av Sætrevatnet og Nysætervatnet. Me skjønar det slik at det er sett opp ein vegbom som i praksis deler vegen i to vegparsellar. Den føreslegne namneforma *Dravlausskogvegen* bør berre nyttast som namn på den inste av dei to parsellane.

Stølsvegen og *Sætrevegen* er føreslegne som alternativ til namn på den ytre vegparsellen. Sidan *Sætrevegen* tidlegare er teke i bruk som på ein veg i nabokommunen Stranda, bør ein ikkje la ein veg i Sykkylven få eit likelydande namn. I eit brev me skreiv til kommunen 4. september 2023, tilrådde me å la namnet *Stølsvegen* bli knytt til ein veg på Lastølen (Ladestølen). Så sant dette namnet blir teke i bruk der, bør det ikkje nyttast som namn på den parsellen det er tale om no. Ei løysing kan vere å la vegen på Lastølen få eit anna namn. Det vil då gjere namneforma *Stølsvegen* ledig til bruk i denne nye saka. Skrivemåten *Lastølen* er SSR-registrert som ei prioritert form. Difor vil det vere tilrådeleg å la **Lastølsvegen** bli nytta som ei offisiell vegnamnform. Når det gjeld skrivemåten med genitivs-s framom namnelekkjen *-vegen*, kan ein samanlikne med den tidlegare tilrådde vegnamnforma *Dravlausstølsvegen* og med namneforma *Fitjastølsvegen*, som er føreslegen i det siste brevet frå kommunen. (Jamfør med punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen.»)

Me støttar framlegget om å la vegen til Fitjastølen få namnet **Fitjastølsvegen**. Me har ingen merknader til skrivemåten **Dravlausskogvegen**. (Det vart vedteke 27. november 2001 at det primære gardsnamnet skal skrivast *Dravlaus* i offentleg samanheng.)

Me minner om at alle adressenamnedtak skal meldast til Kartverket (post@kartverket.no) og til Språkrådet (post@sprakradet.no). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Sykkylven kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Vedlegg:

Sykkylven kommune – namn 141498
på eit par vegar i området kring
Dravlausstølen – brevet frå
kommunen
Sykkylven kommune – namn 141499
på eit par vegar i området kring
Dravlausstølen – planfoto